

Referat frå samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap



Sogn, 28.-30. august 2019

STIFTINGA
MUSEA I SOGN OG
FJORDANE


DE HEIBERGSKE SAMLINGER
SOGN FOLKEMUSEUM

 Høgskulen
på Vestlandet

DELTAKARLISTE:

	Namn	Institusjon
1	Arne Vassenden	Havrå
2	Astrid Matland	Damsgård hovedgård/ Bymuseet i Bergen
3	Bergit Tyssedal	Ryfylkemuseet
4	Dag Feldborg	Norsk håndverksinstitutt
5	Fredrik Calmeyer	Valdresmusea
6	Gard Anestad	Norsk folkemuseum
7	Ingvild Austad	Høgskulen på Vestlandet
8	Jan-Arve Lund	MiSF avd. De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
9	Kjartan Aa Berge	Musea i Sogn og Fjordane
10	Kjell Krogstad	MiSF avd. De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
11	Kjetil Bergmo	MiSF avd. De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
12	Kristina Bjureke	Naturhistorisk museum, UiO
13	Leif Hauge	Høgskulen på Vestlandet
14	Magne Vikne	Havrå
15	Mari Marstein	MiA - Museene i Akershus
16	Marie Pettersson	Musea i Sogn og Fjordane
17	Marit A. Jensen	Havrå
18	Matias Hagenes	Havrå
19	Morten Rasmussen	Norsk genresressenter
20	Odd Kjetil Liland	Jærmuseet
21	Thomas Walle	Musea i Sogn og Fjordane
22	Tove Mostrøm	Havrå

DAG 1 - NETTVERKSMØTE**Velkomst og informasjon**

Marie og Leif, koordinatarar for nettverket, ynskte alle velkomne til Sogn og nettverksmøtet. Direktør for Musea i Sogn og Fjordane, Kjartan Aa Berge, ynskte også velkomen.

Nytt frå Nettverket

Alle på nettverksmøtet presenterte seg med namn, institusjon og kva dei jobbar med. Fleire informerte også om aktuelt nytt frå deira museum.

Nytt frå nettverket:

«PRIMUS for levende samlinger» v/ Mari Marstein

Mari orienterte om historia til prosjektet, stoda og vegen vidare. Det er no med i det store digitale prosjektet til kulturIT og har i år endeleg fått midlar. Det er løyvt pengar til utvikling av programmet, men ikkje til reise. Arbeidsgruppa skal i tida framover jobba med å laga lister i PRIMUS. Neste møte skal vera 4. september. Det er ikkje fastsett ein deadline, men e-kultur (kulturIT sitt prosjekt for fellesløyser for forvaltning, formidling og utvikling av samlingane for museum og andre kulturinstitusjonar) skal vera ferdig i 2021.

«Orientering frå møte for nettverks-ansvarlege museum i Bodø 26.-27. november 2018 » v/ Thomas Walle

Thomas orienterte om samlinga for nettverks-ansvarlege museum. Samlinga var i Bodø 26.-27. november førre året. Marie hadde ikkje

høve å delta på samlinga, men Thomas Walle og direktør Kjartan Aa Berge deltok frå MiSF. Eit hovudtema var fellesavtalen. Rammenotatet av 2015 ligg til grunn. Sidan nettverka vart etablert er mange av ansvarsmusea vorte konsoliderte. Kulturrådet ynskjer ein formell avtale med det konsoliderte museet. Ein konsekvens er at det er skrive ny avtale som er lik for alle nettverka.

Andre tema som vart tekne opp var deltakaravgift og formelle avtalar mellom nettverk og deltakande museum eller deltakande institusjon. Utviklingsmidlar som kan søkast på gjennom kulturrådet skal vera ei gulrot for nettverka og dei skal prioriterast i søknader. Oftast vert utviklingsmidlar lyst ut som treårige prosjekt med tema.

Prosjekt v/ Marit A. Jensen, Havrå

Av ulike grunnar har ikkje nettverket hatt prosjektarbeid dei siste åra. Marit tok opp ideen om forskingsartikkel med hjelp av kurs ved Universitet i Bergen. Dersom det var personar som var interesserte, kunne dette kurset vera ein god drahjelp for kompetanseutvikling. Om fleire tok kurset samstundes, kunne ein vera til støtte for kvarandre og ev. ha diskutert felles tema. Dette er noko som ein må fundera over og diskutera. Kursing kan også vere eit tema på neste nettverkssamling.

Andre ting som kom opp i «informasjonsrunden»:

- Prosjekt innan foto og formidling.
- Klima og andre dagsaktuelle problem. Kva rolle har nettverket der, og korleis kan vi medverke til noko positivt innanfor t.d. landbrukspolitikken.

Immateriell kulturarv v/ Dag Feldborg, Norsk Håndverksinstitutt

Norsk Håndverksinstitutt var invitert til å informere om institusjonen og deira syn på immateriell kulturarv og korleis ein kan jobba

med det. Dag innleia med å gje ei kort innføring i UNESCO- konvensjonen av 2003 og gjekk så vidare til håndverksinstituttet sitt arbeid. Dei tre viktigaste oppgåvene er:

- Handverksregisteret. Registeret er ein marknadsføringskanal for handverkarar og har i dag 3000 knytte til seg. Dei har god dekning på Austlandet, men ser gjerne at andre delar av landet vert betre representert.
- Dokumentasjons og opplæringsprosjekt – moglegheit å få fordjupe seg i faget sitt gjennom ein treårsperiode. Dette er også eit verkty for instituttet å kome i kontakt med tradisjonsberarar. Det finst ca. 30 slike prosjekt. Viktig at det ikkje berre vert kurs, men at kunnskapen vert praktisert og vidareført. Eit godt døme er prosjekt om beskjæring og kolling av lignosar der ein har fått til eit kompetansemiljø som ein del av etterutdanningskurs på VEA – Norges grønne fagskole.
- Immateriell kulturarv

«Miljøkamerater» - Noreg jobbar i lag med dei andre nordiske landa og Baltikum for å ta vare på immateriell kulturarv. Dei delar erfaringar med kvarandre slik som t.d. «Miljøkamerater» frå Finland gjer.

«Nasjonale inventarier» – kvar nasjon som signerer konvensjonen skal utarbeide ei oversikt over levande materiale. I Noreg er det Kulturrådet som administrerer dette arbeidet.

Attendemeldingar frå gruppa:

- Ynskje om å få inn meir kunnskap frå den norske kvardagskulturen/ tradisjonelt norsk jordbruk.
- Viktig å ha praktisk kunnskap om gjenstanden sin funksjon og bruk for å forstå materialbruk og form.

DAG 2- PRAKTISK DAG PÅ FRILUFTSMUSEET OG EKSURSJON

Praktisk økt

Fyrste økta denne dagen var praktiske gjeremål med lauving som hovudtema. Vêret var heller dårleg, og me gjorde nokre små endringar i programmet. Kjell orienterte om lauving og demonstrerte praktisk «kjerving» (samanbinding av kjerv). For vinterlagring kunne kjerva samlast i eit lauvrauk. På friluftsmuseet finst to ulike typar rauk. Vi såg på det «beistafrie» lauvrauket som er opparbeidd oppe i eit tre slik at beista ikkje nådde opp og kunne forsyna seg av lauvet. Undervegs var det både diskusjon om korleis ein utførte arbeidet, men også korleis ein kunne samla inn informasjon og korleis ein kunne bruka det i formidling. Eit døme som t.d. både Norsk Folkemuseum og Gamle Hvam hadde erfaring frå var innspel frå demente personar. Det var også ein diskusjon om estetikk – var rauket fint eller stygt? Her var det delte meiningar. Tradisjonelt handverk som ikkje er fagmessig utført, kan vera irriterande å sjå på for slike som har fagkompetanse.



Etterpå var det tid for å setje opp eit lauvrauk frå starten. Kjerv var laga og tørka i forkant og ein konsentrerte seg om sjølvve raukinga. Kjell og Leif hadde gjennomgang om korleis ein starta, la kjerva, forma rauket og til sist avslutta. Gruppa greidde å forme eit lite rauk.

Neste økta hadde sliping som tema, dette arbeidet vart gjort innandørs. Her hadde ein fokus på sliping av ljå med diskusjonar om ulike typar ljå, korleis dei var laga, mål etter

person o.l. Til slutt vart det også vist tradisjonell sliping med hjelp av vasskraft til slipesteinen ved bekken.



Ekskursjon Lærdal

På ettermiddagen tok vi ferja over Sognefjorden på utferd til Utvald kulturlandskap Lærdal.

Lærdalsøyri



Historia til Lærdal. Såg på plassering ved fjorden og overgangar over fjella (Valdres og Hallingdal) og kva tyding det har hatt for staden. Ein såg også på korleis elva har forma og påverka Lærdalsøyri.

Løytnantsbrygga – staden låg tidlegare ved fjorden og det var hit ein kom med varer på 16-1800-talet. Her ligg naust for bønder og kjøpmenn side ved side. På dei mindre nausta kan ein sjå korleis dei er påbygde frå ein til to etasjar. Både tømmermateriale og trapp på utsida visar dette. Det var ikkje bruk for bordkledning då Lærdal er nedbørsfattig og fönvind tørkar ut tømmeret. Brygga var også sentral for utvandring. I 1840-50 åra var det mange som tok dampbåten til Bergen for så å dra vidare til Amerika.

Handel har vore viktig for Lærdal. Det ser ein både på bygningar og Lærdalsmarknaden (som framleis vert arrangert tre gonger i året). Tidlegare kunne ein og finna fjøreknapp i Lærdal (ballastplante).

På vår veg gjennom det gamle trehusmiljøet stoppa vi ved eit par, vi var innom ein hage og vi diskuterte «byjordbruket». Det var folk som dreiv med husdyrbruk på Øyri fram til 1980-åra.

Området har nasjonal verdi, men førebels er det berre verna som bevaringsområde i plan- og bygningslova. Mange bustadhus er i dag feriestadar.

I bussen frå Lærdalsøyri fekk vi høyra om brannen som herja i bygda i 2014.

Halabrekka



Dette er ein gamal husmannsplass der spora etter det gamle kulturlandskapet framleis er tydeleg. Av bygningar finst bustadhuset, sauefjøs (8-10 sauer) og kyrafjøs (1-2 kyr) med lagring av lauv og høy på loft. I tillegg finst låa, låve, bodar og utedo.

Vatnet vart henta frå elva og gjennom tunet går ei vatningsveit med fleire forgreiningar. Enga var oppdelt i teigar med vatningssystem. På åkrane var det brukt vassreke (trespade) for å spreie vatnet slik at det ikkje skulle grave.

Fleire steingjerde står mellom innmark og utmark, det finst tydelege geiler (goter) der ein leia dyra. Nokre teigar er også støtta opp med store murar og utflata.

Styvingstre, einerhage og kjøkkenhage er andre kulturlandskapselement.

Leif las dikt av den kjente dikteren Olav H Hauge som har røter frå Halabrekka.

Ljøsnaveiti



Langs dalen ligg mektige grusterrassar med nokre større gardar på terrasseflata. Problemet for gardane har vore å få vatna markene og åkrane sine. På midten av 1800-talet vart det difor starta eit omfattande prosjekt for å laga ei 5 km lang vatningsveit frå Jutlaelvi og til nedste Ljøsne. Utbyggjarane studerte akvadukter og kanalanlegg både i India, Egypt og Italia. Dei gjorde testar med enkle trerenner (vasskikkert) for å finna ut minst mogleg fallhøgde. Veitene vart og bygde slik at ein fekk så lunke vatn som mogleg. Det var mange skeptikarar undervegs, men veita stod ferdig i slutten av 1800-talet.

Veita skulle frakta 100 liter vatn per sekund og hadde viktig forgreiningssystem. Bruk av vatn var strengt regulert. Dei som investerte i mest anlegget fekk lengst og best tid til vatning. Ei eng vatna ein i 2-3 timar slik at torva vart metta og gjennomvåt. Åkeren trengte litt kortare tid. Ein hadde kring to rundar om våren for å tilføre nok vatn.

Kring 1920-30 vart veita utdatert. I dag vert det viktige kulturminnet brukt som turveg.

Galdane

Galdane er ein husmannsplass ved Lærdalselvi. Ein gong låg plassen sentralt til, like ved den eldgamle ferdselsvegen mellom Austlandet og Vestlandet. Det har alltid vore ei utfordring å byggje veg langs dette tronge

elvegjelet. Ein ser restar etter fleire gamle veganlegg, i dag går E16 i tunnel.

Historia er elles nok så lik den til Halabrekka. Den siste brukaren flytta frå plassen i 1947. I etterkant har det vore ulike restaureringsprosjekt på Galdane, både på bygningane og kulturlandskapet. Husmannsplassen vert no delvis skjøtta av Lærdal kommune. Galdane er ein del av Kongevegprosjektet.

Vindhellavegen



Kanskje den mest kjente strekka av kongevegen er Vindhellavegen. Den vegen vi går på i dag er frå 1843, men den gamle kongevegen frå 1790-åra er synleg mellom slyngane og utanfor traséen. Den gamle vegen har ei stigning på 1:4 og vart etter kvart for bratt for varetransport. Vindhellavegen hadde ei brukstid på under 100 år, men utgjer i dag eit viktig kulturminne

Ny veg vart opparbeid langs elva i 1870-åra med bruk av den då nye oppfinninga dynamitt.

Gruppa gjekk strekninga Rimskjold til Borgund stavkyrkje.

Borgund stavkyrkje

Dette er ei av dei mest kjente av stavkyrkjene i landet. Kyrkja vart bygd kring år 1180 og godt bevart på grunn av den er:

- Bygd på steinfundament
- Bygd av «sjølvimpregnert» furu (der ein hogg av greiner medan furua stod på rot og lot kvaen trekkje ut i veden).
- Pensla med tjøre



Ved sida av stavkyrkja ligg klokketårnet frå 1200-talet og den nye kyrkja. Fortidsminneforeninga kjøpte stavkyrkja i 1868 og hindra riving.

Vi fekk omvising inne i kyrkja der vi m.a. såg på stavkonstruksjonen, utsmykking og gravtradisjonar.

Husum hotell

Vi avslutta ein lang dag med middag på Husum hotell. Husum er ein gamal skysstasjon som vart oppgradert til sveitserstilen på slutten av 1800-talet. Hotellet er nyrestaurert og blir no berre nytta i spesielle høve. Vi fekk høyra om restaureringa og sjå nokre av romma.

DAG 3- HAGAR PÅ MUSEET

Norske historiske kulturplanter fra våre klonarkiver – også til museumsbruk? v/ Morten Rasmussen, Norsk genressurscenter

Morten fortalte litt om klonarkivet; kva det er, kva finst og kvar/ kven er klonarkivet?

Utfordringar:

- Mange planter som er ukjente
- Plantehelse. Viktig med friske planter fleire stadar. Tek lang tid å ta fram nye.
- Klima. T.d. kan lengre vekstsesong ha påverknad på korleis planta vil klara seg.

Viktig å få fram kulturhistoria, og her kan musea vera til god hjelp. Musea kan m.a. nå ut til barn og unge.

For å styrka samarbeidet med musea er det ynskje om å utarbeide ei spørjeundersøking saman med nettverket. Spørjeundersøking (idear og diskusjon i gruppa):

- Må ikkje ta meir enn 15 min å svara på eit skjema
- Må koma fram kva musea har
- Kor mykje levande samlingar tel i musea
- NIBIO har questback som kan brukast
- Kan spørjeskjema hjelpe oss å få andre t.d. kulturdepartementet, til å skjønna kor viktig det er å ta vare på levande samlingar?
- Det må meir inn om miljø i rapportering til kulturrådet
- Miljø og finansiering må fram
- Skjøtsel og forvaltning. Dette er viktig å få skjøtta kulturlandskapet på rett måte og gode forvaltnings-/skjøtelsplanar er viktige hjelpemiddel i dette arbeidet.
- Visa verdiane vi forvaltar
- Sikringsplan for levande samlingar til enkelte museum
- Samfunnsoppdrag
- Visningshagar?

Hage og utfordringar på museet

Det å ta vare på hagar krev ressursar og kompetanse. Mange opplever at dei til tider ikkje vert høyrde og tekne på alvor i museumsverda. Med strammare økonomi og færre tilsette vert dette ekstra tydeleg. DHS-SF har dei siste åra merka at det i sommar-sesongen, då hagane treng mest stell, får stadig mindre ressursar til å få inn sommarhjelp. Ofte er det andre oppgåver innanfor museet som må prioriterast og at det vert generelt vanskelegare å få endane å gå møtast. Det er mykje som skal gjerast på friluftsområdet og ein må berre innsjå at ein ikkje får gjort alt. Spørsmålet er kva ein skal prioritera, rasjonalisera og forsaka. Gruppa tok utgangspunkt i to hagar for å illustrera

problematikken og prøva å få i gang ein diskusjon.



Vik prestegard

Prestegarden i Vik kom i museet si eige alt i 1941 og vart oppført på gamlemuséet i Amla. Bygningen vart fyrst flytta til friluftsmuseet på Vestreim i 2005. Flyttinga har kravt mykje ressursar i både arbeid og økonomisk og ein har vore nøydd å dela arbeidet opp i etappar. Med tanke på at prestegardshagar ofte har vore ein føregangshage for bygda har det vore ønskje om å etablere ein representativ hage.

I samband med flyttinga var det ein student som utarbeidde ein plan for utforming av hagen. Det var ein gjennomarbeidd plan som gjev innblikk i korleis den opphavlege hagen i Vik såg ut. Museet hadde ikkje ressursar å realisera denne planen. Også området er forandra i etterkant av planen. I staden vart det laga ein grovskisse til ein hage som byggjer på overordna prinsipp med ein beplantningsplan. Museet har såleis ein visjon, og gjort nokre tiltak, men det er langt til den standsmessige hagen som ein ønskjer.

Utfordringar:

- Ressursar. Det er lite midlar og det er redusert på sommarhjelp
- Klima og jordforhold. Området ligg på drenert myr. Ved planting har museet vore nøye på å laga djupe hol og fylt dei med ulike materiale for å gje godt substrat for plantene.
- Hjort. Museet ligg i eit hjortetrek og spesielt i haust- og vinterhalvåret har

museet utfordringar. Eit tiltak er å gjerda inn nyplanta tre til dei har vakse seg større og sterkare.

- Praktisk gartnarkompetanse. Det er andre sommaren som vi ikkje har tilsett gartner som meir eller mindre berre jobbar med hage i periodar.

Tilbakemeldingar frå gruppa:

- Vel tidsrette planter som var vanlege i distriktet og som toler klimaet
- Skilt som viser korleis vi ønskjer at hagen skal vera, men grunna ressursar har den løysinga som er.
- Gode attendemeldingar på metoden som museet brukar for å laga god gro grunn for nye planter.
- Jordprøvar – museet tok prøvar for ca. 5 år sidan. Burde ta nye.

Kvitevoll

Gamal embetsgard som vart flytt til museet i 1985. Samstundes som ein flytta huset vart det utarbeidd ein hageplan etter synfaring på Kvitevollen i Luster. Ein har og rekonstruert ein hageplan frå første verdskrig basert på informantar. Hagen på museet er i stor grad utarbeidd etter den siste planen.

Den levande samlinga vart aldri dokumentert ved flyttinga og data på moglege endringar

er ikkje tilgjengelege. Ein veit at dagliljene opphavelig kjem frå Aabeelheim i Aurland.

Utfordringar:

- Forskjell i klima og grunntilhøve
- Planter vs. bygningsvern
- Historisk korrekt vs. publikumsvenleg. Her har museet valt å slå plenen, slik at vitjande har tilgang til den.

Neste samling

Framlegg til neste års samling er Hordaland med Museumssenteret i Hordaland som vertsmuseum. Avdelingane Lyngheisenteret og Havrå har sagt seg viljuge til å arrangera samlinga.

- Fint om dato vert sendt ut tidleg, gjerne alt i oktober.
- Hagar i Bergen kan vera eit tema til seinare samling.

Oppsummering

- PRIMUS for levende samlinger – Mari jobbar vidare med det og får hjelp av dei ho treng.
- Spørjeskjema – Mari, Marit, Marie og Morten jobbar vidare med det.
- Prosjekt «kokebok» - Leif sender ut idear han presenterte på møtet i Oslo.

